



**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND 5 JUNI 2020
KL. 09.30-12.00 PÅ STORD HOTEL**

Desse møtte:

Sammy Olsen	Bømlo kommune
Aud-Gunn Løklingholm	Bømlo kommune
Mette Heidi B. Ekrheim	Etne kommune
Bjørn Tollefsen	Etne kommune
Harald Rydland	Fitjar kommune (t.o.m sak 27/20)
Olaug Haugen	Fitjar kommune (t.o.m sak 27/20)
Hilde Enstad	Kvinnherad kommune
Jakob Bjelland	Stord kommune
Magnus Mjør	Stord kommune
Linn Therese Erve	Sveio kommune
Steinar Dalland	Tysnes kommune

Med på Teams:

Arne Christian Mohn	Haugesund kommune
Ole Johan Vierdal	Vindafjord kommune
Jostein Førre	Sveio kommune
Ragnhild Bjerkvik	Kvinnherad kommune

Frå administrasjonen:

Gro Jensen Gjerde
Tora Haslum Myklebust
Reidun Rykkje

Andre:

Magne Rommetveit

Forfall:

Morten Storebø, Austevoll kommune – Bjarte Madsen, Austevoll kommune – Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune.

Då var føre:

Sak 22/20	Godkjenning av referat frå 24 april d.å
Sak 23/20	Nytt varamedlem i fylkesgeodatautvalet under Kartverket Vestland
Sak 24/20	Ringverknadsanalyse Havvind
Sak 25/20	Etiske retningslinjer for Samarbeidsrådet/Visit Sunnhordland
Sak 26/20	Hordfast – vidare arbeid
Sak 27/20	Mogeleg overgang til Rogaland fylke
Sak 28/20	Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
Sak 29/20	Skriv og meldingar
	a) Bemanning i administrasjonen
	b) Kommunal museumsstrategi – status
	c) Møte med Haugalandrådet 5 juni – utsett
	d) Status prosjekt i Samarbeidsrådet

- Sak 30/20
- e) Ringverknadsanalyse havbruk i Sunnhordland
 - Ymse
 - a) Høyringsuttale Regional transportplan 2022-2033 for Vestland
 - b) Observatør i Atheno
 - c) Kompetansefond

Sunnhordland, 5. juni 2020

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND 5 JUNI 2020
KL. 09.30-12.00 PÅ STORD HOTEL**

Sak 22/20 Godkjenning av referat frå 24 april d.å

Samrøystes vedtak.

Sak 23/20 Nytt varamedlem i fylkesgeodatautvalet under Kartverket Vestland

Framlegg til vedtak:

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vel Bjarne Hetlesæter, Sveio kommune som fast representant til Fylkesgeodatautvalet og som varapresentant.
2. Kostnadane må dekkast av Kartverket Vestland eller Fylkesmannen i Vestland.

På møte:

Det vart på møte sett fram forslag på Yngve Sagvaag Lunde, Stord kommune som ny vararepresentant til Fylkesgeodatautvalet.

VEDTAK:

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vel Bjarne Hetlesæter, Sveio kommune som fast representant til Fylkesgeodatautvalet og Yngve Sagvaag Lunde, Stord kommune som varapresentant.
2. Kostnadane må dekkast av Kartverket Vestland eller Fylkesmannen i Vestland.

Sak 24/20 Ringverknadsanalyse Havvind

Framlegg til vedtak

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland er positive til å vera partner i prosjektet Ringverknadsanalyse for flytande havvind.
2. Samarbeidsrådet søker Vestland fylkeskommune om delfinansiering av prosjektet.
3. Samarbeidsrådet løyver inntil kr. 50 000 frå tiltakspotten, som vert redusert til kr. 250 000,-.

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 25/20 Ethiske retningslinjer for Samarbeidsrådet/Visit Sunnhordland

Framlegg til vedtak

Samarbeidsrådet for Sunnhordland godkjenner framlegg til etiske retningslinjer for Samarbeidsrådet for Sunnhordland / Visit Sunnhordland.

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 26/20

Hordfast – vidare arbeid

Saka var lagt fram til drøfting og utan framlegg til vedtak.

På møte:

Det vart på møte drøfta korleis rådet skal arbeida fram mot godkjenning av NTP i Stortinget våren 2021.

Ein var samde om å følgje prioritert arbeid handlingsplanen.

Administrasjonen tek kontakt med Ove Trellevik i Hordalandsbenken og ber om møte før ferien. Vidare vil ein be om møte med Rogalandsbenken. Det er ønskjeleg at ordførar i Haugesund Arne Christian Mohn vert med i desse møta.

Sak 27/20

Mogeleg overgang til Rogaland fylke

Framlegg til vedtak

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil gjennomføra ei undervegs evaluering av Sunnhordlandskommunane si rolle i det nye Vestland fylke.
2. I fase 1 skal det gjerast ei vurdering om Sunnhordlandskommunane har ein tydeleg nok posisjon i det nye fylke.

Fylkeskommunen skal koplast inn for å synleggjera sitt syn på saka.

3. Ut i frå resultatet frå fase 1. skal det gjerast ei vurdering om det er grunnlag for å starta arbeidet med fase 2, om det er tenleg å gå vidare med prosessar som leiar mot utgreiing for å vurdere fylkestilknyting.

På møte:

Det vart på møte sett fram forslag om å endra punkt 3 til følgjande:

3. Ut i frå resultat frå fase 1 skal det gjerast ei vurdering om det er grunnlag for å starte arbeidet med fase 2, der kvar kommune kan gjera ei vurdering om det er tenleg å gå vidare med prosess for å vurdere ny fylkestilknyting.
4. Administrasjon legg fram ei skisse på mandat, prosess og finansiering til møte 4. september.

SAMRØYSTES VEDTAK:

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil gjennomføra ei undervegs evaluering av Sunnhordlandskommunane si rolle i det nye Vestland fylke.
2. I fase 1 skal det gjerast ei vurdering om Sunnhordlandskommunane har ein tydeleg nok posisjon i det nye fylke.

Fylkeskommunen skal koplast inn for å synleggjera sitt syn på saka.

3. Ut i frå resultat frå fase 1 skal det gjerast ei vurdering om det er grunnlag for å starte arbeidet med fase 2, der kvar kommune kan gjera ei vurdering om det er tenleg å gå vidare med prosess for å vurdere ny fylkestilknytning.
4. Administrasjon legg fram ei skisse på mandat, prosess og finansiering til møte 4. september.

Sak 28/20 Utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Framlegg til uttale

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland oppfattar planen som oversiktleg og den gjer ei tydeleg strategisk retning for Vestland, men me stiller spørsmål til korleis arbeidet med å dokumentere at dei strategiske måla vert nådd, skal gjennomførast. Kva verktøy/indikatorsystem skal nyttas?
2. For å bygge ein attraktiv og levedyktig region, så er det svært viktig for Samarbeidsrådet for Sunnhordland, at kompetanse og arbeidsmarknad/statlege arbeidsplassar får eit auka fokus. I tillegg bør innovasjon og infrastruktur ha ei høg prioritering, som er primissgivande for å utvikla ein grøn framtidretta region. Jmf. Utviklingsplanen mål 1 punkt 1.2 og 1.3, samt mål 2 punkt 2.2.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet godkjenner uttalen slik den ligg føre.

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 29/20 Skriv og meldingar

- a) Bemanning i administrasjonen
- b) Kommunal museumsstrategi – status
- c) Møte med Haugalandrådet 5 juni – utsett
- d) Status prosjekt i Samarbeidsrådet
- e) Ringverknadsanalyse havbruk i Sunnhordland

På møte:

a) Bemanning i administrasjonen

Det vart i møte orientert om at Reidun Rykkje har valt å seia opp stillinga i Samarbeidsrådet. Dagleg leiar vil gjera ei vurdering på bemanning i løpet av hausten.

d Status prosjekt i Samarbeidsrådet

Dagleg leiar orienterte i møte om at Samarbeidsrådet har fått tilsegn frå Vestland fylkeskommune til følgjande prosjekt:

Geopark Sunnhordland – kr. 100 000

Det finst ei hamn – kr. 350 000

Bussen i Sunnhordlandsbassenget – kr. 392 500

Sak 30/20

Ymse

a) Høyringsuttale Regional transportplan 2022-2033 for Vestland

Saka var sendt ut på førehand.

Framlegg til uttale:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har drøfta Planstrategi for Regional transportplan Vestland 2022- 2033.

Samarbeidsrådet meiner at føremålet med planen er tilstrekkeleg omtala, og dei plantema som er teken opp er dekkande for eit godt transportsystem.

Samarbeidsrådet vil peika på følgjande:

- I kunnskapsgrunnlaget under punkt om reisevanar er det viktig å få med Bergen som knutepunkt for hurtigbåt mellom sør og nordfylket.
- Samarbeidsrådet meiner utgreiingsbehova under kapitel 4.1.2 Drift, vedlikehald og investeringar i fylkesvegnettet er dekkande, men at involvering av kommunane i dette arbeidet er heilt naudsynt.
- Samarbeidsrådet støttar at det gjennom arbeidet med Regional transportplan skal greiast ut konsekvensar av og tiltak knytt til ny teknologi. Manglande standardisering av ladestasjonar for elferjer er blitt ein ny utfordring, og kunne vore unngått om ein tidleg såg konsekvensane av innføring av ny teknologi.
- Samarbeidsrådet meiner at punkt 4.4.3 har ei for defensiv tilnærming, og at Dette vert forsterka under utgreiingsbehov. Ferjeavløysingsmidlar gjer moglegheit for mobilitet for fleire øysamfunn, og tiltaket kan vanskeleg bli vurderte opp mot andre prioriterte prosjekt innan vegområdet.

Samarbeidsrådet ber om at rådet vert representert i arbeidet med Regional Transportplan for 2022-2033.

Framlegg til vedtak

Samarbeidsrådet støttar uttalen slik den ligg føre.

På møte:

Rådmann Steinar Dalland, Tysnes kommune sette fram forslag om følgjande tillegg i uttalen:

- Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber om at ferjesamband vert tydeleggjort i planprogrammet og at det i tabell under punkt 4.1 vert synleggjort ferjesamband.
- I samband med utgreiing av finansiering er det viktig at priser for ferjesamband vert integrert i vurderingar for vegprising og samla bompengebelastningar.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har drøfta Planstrategi for Regional transportplan Vestland 2022- 2033.

Samarbeidsrådet meiner at føremålet med planen er tilstrekkeleg omtala, og dei plantema som er teken opp er dekkande for eit godt transportsystem.

Samarbeidsrådet vil peika på følgjande:

- I kunnskapsgrunnlaget under punkt om reisevanar er det viktig å få med Bergen som knutepunkt for hurtigbåt mellom sør og nordfylket.
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber om at ferjesamband vert tydeleggjort i planprogrammet og at det i tabell under punkt 4.1 vert synleggjort ferjesamband.
- Samarbeidsrådet meiner utgreiingsbehova under kapitel 4.1.2 Drift, vedlikehald og investeringar i fylkesvegnettet er dekkande, men at involvering av kommunane i dette arbeidet er heilt naudsynt.
- Samarbeidsrådet støttar at det gjennom arbeidet med Regional transportplan skal greiast ut konsekvensar av og tiltak knytt til ny teknologi. Manglande standardisering av ladestasjonar for elferjer er blitt ein ny utfordring, og kunne vore unngått om ein tidleg såg konsekvensane av innføring av ny teknologi.
- Samarbeidsrådet meiner at punkt 4.4.3 har ei for defensiv tilnærming, og at Dette vert forsterka under utgreiingsbehov. Ferjeavløysingsmidlar gjer moglegheit for mobilitet for fleire øysamfunn, og tiltaket kan vanskeleg bli vurderte opp mot andre prioriterte prosjekt innan vegområdet.
- I samband med utgreiing av finansiering er det viktig at priser for ferjesamband vert integrert i vurderingar for vegprising og samla bompengebelastningar.

Samarbeidsrådet ber om at rådet vert representert i arbeidet med Regional Transportplan for 2022-2033.

b) Observatør i Atheno

Ordførar Mette Heidi B. Ekrheim orienterte om at Atheno har invitert Samarbeidsrådet for Sunnhordland v / styreleiar til å vera observatør i styret. Styreleiar Morten Storebø har ikkje høve til å delta i møta og har bede Samarbeidsrådet om å peika ut ny representant.

I møte vart ein samde om at ordførar Linn Therese Erve, Sveio kommune går inn som observatør i Atheno med ordførar Harald Rydland, Fitjar kommune som vararepresentant.

c) Kompetansefond

Ordførar Arne Christian Mohn, Haugesund kommune orienterte om at det på Haugalandet er etablert eit kompetansefond, der ein blant anna skal laga ein strategi i høve til kompetanseutvikling og FoU.

Samarbeidsrådet vil verta invitert inn i arbeidet.